



Elisabeth Ervik Hovland
Litlebergen 21
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/12337 - 20/46672

Saksbehandlar:
Tommy Veland
tommy.veland@alver.kommune.no

Dato:
22.07.2020

Grenser til eigedomane - GBNR 326/42, 44 og 55 Sundet

Viser til dykkar e-post om informasjon og kvalitet på grensene til dykkar eigedom G.nr.326 B.nr.42, 44, og 55.

Alle desse eigedomane er skylddelte eigedomar, etablert 27/6-1940 (b.nr.42), 12/12-1941 (B.nr.44) og 17/10-1953 (B.nr.55). Då er det skylddelingane som beskriv grensene, og beskriv kva som er brukt som grensemerker, kross i fjell, merkestein, steingard og liknande. Det er alltid desse merka som gjeld på skyldelte eigedomar, ikkje strekane i kartet.

I 2019, sak 19/710 var det retting av vestre grenselinje på naustomten, utan at det vart innmålt og kvaliteten heva, berre retting av grove feil.

Skyldingar som er eldre enn 1950, kan du finna på www.digitalarkivet.no, etter 1950 må du bestilla dei hjå kartverket.

Klårlegging av eksisterande grenser krev søknad, den finn du her:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/kart-og-oppmaling/klarlegging-av-eksisterande-grense/>

Då vil tilgrensande naboar verta innkalla, og nye merke vert sett ned og koordinatfesta, les meir om dette opå heimesida til kommunen.

Klårlegging av grenser er gebyrbelagt:

Utdrag av gebyrmenen til Alver kommune, Gjeldande frå 01.01.2020.:
13.5.3

Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense som ikkje tidlegare er koordinatbestemt, men har opphav i skyldskifte eller eldre utskifting, inn til 4 punkt. kr: 12.400.- ,

13.5.4

Tilleggsgebyr pr. overskytande punkt (frå om med punkt 5) 2.450

https://www.alver.kommune.no/siteassets/innhald/sistevedlegg_gebyrhefte-2020-del-1_vedteke-oppdater-07.01.2020.pdf

Det kan vera ein fordel å leita opp dei grense merker som finns på eigedoman, etter skyldskifta, og ta kontakt med naboane om dei kjenner til desse.

Med helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

26_44matr (L)(499649)

Mottakarar:

Elisabeth Ervik Hovland

Litlebergen 21 5919

FREKHAUG